



**Ei eldsjel for Gamleskulen har Jan Erik Olsson (født 1944) vore i alle år og er det framleis. Som heile bygda veit er den tenesteviljuge karen frå Helsingborg i Skåne der han har ein bror som heiter Kjell Åke (født 1946). No har han vore på påskebesøk i Uskedalen og ikkje noko var då naturlegare enn at brørne vitja tysdagskafeen Tlaren.**

Skåningen, som er pensjonert elektrikar, var tydeleg imponert over den jobben som broren har gjort og gjer med huset.

Han var ein av 35 vaksne som var innom kafeen denne tysdagen. medan talet på besøkjande barn var 8. Med andre ord var det relativt få gjester no i etterkant av påska. Men besøket vil sikkert auka etterkvart. Den siste tysdagen før påske var 65 vaksne og 21 born innom.

På biletet sit brørne saman med fru Solveig.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen